




# Chestnut cowl



## Diagram:



- = Rett på retta, vrang på vranga
- = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd saman
- = Strikk 2 rett saman
- = Vrang på retta, rett på vranga
- = Strikk 1, kast, strikk 1, kast, strikk 1 i samme m = 5 m
- = Løft 1 m som om den skulle strikkast rett, 2 rett saman, løft den første m over
- = Ingen maske

- Størrelse:** Så stor du vil  
**Garn:** Ca. 40 g HS Angel og ca. 20 g HS Silk Mohair (Eller det du vil)  
**Pinne:** Ca. 4 mm  
**Strikkefastheit:** Ca. 20/10 (Uavhengig av strikkefastheit)

Eg ville veldig gjerne at vi skal få bruke opp litt restetråd, så oppskrifta er skrive slik at du kan strikke uavhengig av strikkestørrelsen.

Derfor startar du nede i spissen. Du strikkar att og fram til du har eit ca 45 - 50 cm breitt stykke. Så legg du opp masker i nakken og strikkar rundt til ønska høgde på halsen. Evt. feller av når du er tom for garn.

Diagrammet lesast frå høgre mot venstre på retta, og fra venstre mot høgre på vranga.

Start med å strikke etter den skrivne forklaringa, og etterkvart som du forstår gangen i det, er det berre å legge vekk oppskrifta og strikke i veg. Du kan kike litt på diagrammet som viser ei slik kanstanje. Diagrammet viser berre 1 rapport.

### Gradering:

Ønsker du å bruke restegarn og gradere fargane gjer du slik:

Start med lyst garn. Strikk tom omg 7. Bytt den eine tråden til litt mørkare. Strikk tom omg 1 igjen, bytt den andre tråden. Fortsett slik og bytt til ein mørkare tråd på omg 1 og omg 7.

### Forkortinger:

**Ils** = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

**2 rsm** = 2 m rett saman Maskane legg seg mot høgre.

**3 sm** = løft 1 av som om den skulle strikkast rett, 2 rsm, løft den første m over

**5x** = 1 rett, 1 kast, 1 rett, 1 kast, 1 rett i samme m (ei kastanje)

**7x** = 1 rett, 1 kast, 1 **vridd** rett, 1 kast, 1 rett, 1 kast, 1 rett i samme m (ei kastanje + 2 kantmaskar)

**vs** = vranga

**rs** = retta

**mm** = maskemarkør

### Oppskrift:

Legg opp med 1 tråd angel og 1 tråd silk mohair 5 m på pinne 4. (Eller med det garn og pinnar du vil) Snu. Dette er no retta.

**Her er ein liten videosnutt som viser korleis du starter opp:**

<https://www.youtube.com/watch?v=aqt5YwLOFxY&t=52s>

Omg. 1 rs    2 vr, **5x**, 2 vr = 9 m, snu

Omg. 2 vs    2 r, 5 vr, 2 r, snu

Omg. 3 rs    2 vr, 5 r, 2 vr, snu

Omg. 4 vs    2 r, 5 vr, 2 r, snu

Omg. 5 rs    2 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**, 2 vr = 7 m, snu

Omg. 6 vs    2 r, 3 vr, 2 r, snu

Omg. 7 rs    **7x**, 1 vr, **3 sm**, 1 vr, **7x** = 17 m, snu

Omg. 8 vs    2 r, 5 vr, (3 r, 5 vr,) 2 r, snu

Omg. 9 rs    2 vr, 5 r, (3 vr, 5 r,) 2 vr, snu

Omg. 10 vs    2 r, 5 vr, (3 r, 5 vr,) 2 r, snu

Omg. 11 rs    2 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**, (3 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**,) 2 vr = 13 m, snu

Omg. 12 vs    2 r, 3 vr, (3 r, 3 vr,) 2 r, snu

Omg. 13 rs    **7x**, 1 vr, **3 sm**, (1 vr, **5x**, 1 vr, **3 sm**,) 1 vr, **7x** = 25 m, snu

**Gjenta omg 8 til 13, men strikk parentesen 1 gong ekstra for kvar gong du gjentek.**

Fortsett å legge til 1 kastanje i kvar side til halsen måler ca 45 cm i breidda. (Tilpass til den vidda du vil ha) Bruk diagrammet! På ein omg 3 eller 9 i diagrammet, legger du opp 31 m på slutten av omg og føyer arbeidet saman for å strikke rundt. Strikk 2 vr, sett mm for å markere starten av omg.

Om du strikker med anna strikkestørrelse så skal du legge opp ca 12 cm i nakken. Antall masker skal vere delelig med 8 + 7 ekstra masker.

### Hals:

Fortsett å strikke rundt etter diagrammet på omg 4 eller 10, til du har 5 - 6 rader med nötter etter opplegget i nakken (Ca 12 – 15 cm). Avslutt etter omg 5 eller 11. Strikk 3 omg glattstrikk. Fell av. No får du ein liten rullekant.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #chestnutcowl om du vil. Lykke til!

Elisabeth